



Byggmester Solberg AS
Kleiveland
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/2697 - 20/5622

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
12.03.2020

146/20 - Oppføring av tilbygg til einebustad - søknad om mellombels bruksløyve for delar av tiltaket - vedtak

Administrativt vedtak. Saknr: 111/20

Tiltakshavar: Sindre Fotland
Ansvarleg søker: Byggmester Solberg AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søker har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.04.2020 saknr. 090/18 og 12.03.2020 saknr. 110/20.

Ansvarleg søker har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Ferdigstilling av terrasse.
2. Ferdigstilling av kjellarplan.
3. Ferdigstilling av garasje.

Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket: oppføring av tilbygg til einebustad.

Ansvarleg søker har opplyst tidspunkt for søknad om ferdigattest til: 01.03.2022.

Det er vidare sendt inn oppdaterte teikningar som mellom anna syner redusert storleik for terrasse og endra planeringshøgde.

Det vert elles synt til søknad motteken 03.03.2020 med tillegg motteke 04.03.2020.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Oppføring av tilbygg til einebustad og ny garasje.
Bygningsnummer:	Einebustad med tilbygg: 9847189. Garasje: 300683423.
Mellombels bruksløyve gjeld ikkje for fylgjande del av tiltaket:	Ny garasje, terrasse og kjellarplan i tilbygg til einebustad.

Rådmannen sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det gjeve løyve til mindre endringar ved oppføring av tilbygg til einebustad og ny garasje på gnr. 146, bnr. 20 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan og teikningar motteke 03.03.2020, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.
2. Elles gjeld tidlegare vedtak i saka og alle vilkår skal tilfredsstillast.

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for oppført tilbygg til einebustad på gnr. 146 bnr. 20 på følgjande vilkår:

- A. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: tilbygg til einebustad.
- B. Mellombels bruksløyve gjeld ikkje for fylgjande del av tiltaket: oppføring av terrasse, oppføring av garasje og bruk av nytt kjellarplan i tilbygg til einebustad.
- C. Frist for innsending av søknad om ferdigattest er 01.03.2022."

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest dersom fullstendig søknad om ferdigattest ikkje er sendt inn. Om det ikkje ligg føre søknad om ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Til orientering

Kopi av dette vedtaket, og andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2697.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Sum kr.
10.2.10	Delt sakshandsaming	4.500,-
	Totalt gebyr å betala	4.500,-

Art	Ansvar	Teneste	Kostnadsstad	Prosjekt	Mva/Mva.k	Debet	Kredit
16200	69000	3021					4.500,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Hege Eeg
einingsleiar

Marit Nedreli
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Brann og redning v/feiar

Mottakarar:

Byggmester Solberg AS
Sindre Fotland

Kleiveland
Åsen 131

5281
5281

VALESTRANDSFOSSEN
VALESTRANDSFOSSEN